

Lovande debut av Døsslandspia.**30.11.2006**

Tirsdag deltok den 3-årige kaldblodshoppa Døsslanspia, eigarar Halvard og Gudun Døssland, i sitt første ordinære travløp. Dette skjedde på Forus Travpark i Stavanger, og det knytte seg sjølv sagt stor spenning dette.

Etter eit løp der Døsslandspia viste svært så lovande takter, var eigarane og den rutinerte kusken, Øyvind Austevoll, svært fornøgde, og dei ser med forventningar fram til neste løp.

Halvard fortel at dei var litt uheldige ved trekning av startspor. Dei trekte startnummer 9, og dermed måtte Døsslandspia stilla til start i 2. rekkje.

Hoppa gjekk ei svært god startside, og arbeidde seg fort opp i tetfeltet. Ved inngangen til siste sving låg den side om side med leiarhesten, før den uheldigvis gjekk over i galopp. Den tok seg imidlertid fort inn igjen, men ved utgangen av svingen galopperte den på ny. Også denne gangen kom den rimeleg fort over i trav att, og etter ein bra avslutning passerte den mål som nummer 6 av dei 15 hestane i feltet.

- Hesten verka ganske uberørt etter løpet, og vi er sjølv sagt svært godt fornøgd med det den presterte, - fortel Halvard svært så entusiastisk, - kusken gav svært gode tilbakemeldingar, og han meinte at dette lover svært bra. At den galopperte, meinte han utelukkande kom av manglande rutine. -

Med 6. plassen vart det og premie. – Ja, vi dekka reiseutgifter, og så blei det no litt lommepengar i tillegg.- Det vert spennande tider framover for hesteeigarane. Alt om fjorten dagar er det løp på ny. 14. desember skal Døsslandspia gå nytt løp, denne gongen på Bergen Travpark. Same dag skal også broren, 2-åringen Døsslandspil, gå mørnstringssløp.

Av Thor Inge Døssland